

# Årshjul for heim – skule samarbeidet ved Sjernarøy oppvekstsenter

Frå [Udir](#) har me henta følgjande:

*Barn og unges viktigste arenaer for utvikling er i hjemmet og på skolen. Samarbeidet mellom disse to arenaene har stor betydning for elevenes helse, trivsel og læring, og for skolens arbeid med å utvikle et inkluderende fellesskap.*



I [opplæringslova](#) §10-4 står det: «Skolen skal sørge for at elevane og foreldra får vere med på å planlegge, gjennomføre og vurdere verksemda til skolen, mellom anna arbeidet med skolemiljøet, kvalitetsutvikling i opplæringa og fastsetjinga av skolereglar. Elevane skal ikkje delta i behandlinga av saker som er omfatta av lovfesta teieplikt». Vidare står det i §10-5 : «kvar grunnskole skal ha eit arbeidsutval som er valt av foreldra på skolen. Foreldra kan velje å organisere seg på andre måtar».

I stavangerskolen har ein organisert foreldresamarbeidet som eit [samarbeidsutval](#) (SU) og som eit [foreldreutval](#) (FAU).

I samarbeidsutvalet sit det like mange tilsette, foreldre og elevar. Dei tilsette vel sine representanter, foreldre vel sine representanter frå FAU, og elevrepresentantene er dei tre eldste elevane i elevrådet. Samarbeidsutvalet skal gi råd og forslag til skulen si leiing, og delta i planlegging, gjennomføring og vurdering av skulen si verksemd. Aktuelle saker kan vere skolemiljø, kvalitetsutvikling og skolereglar. Avdelingsleiar stiller som sekretær. På Sjernarøy er elevane med i første del av møtet. Alle partar kan melde inn og førebu sakar.

I foreldreutvalet (FAU) vel inn 2 representantar frå kvar klasse/avdeling. Desse vert valt for 2 år. Foreldreutvalet er leia og drifta av foreldra. FAU skal sikre samarbeid mellom skulen og heimen, og foreldra skal kunne påverke beslutningar som angår skolemiljøet og elevane si trivnad. I praksis vil saker ofte bli drøfta i FAU først, som deretter tar dei med inn i SU.

For å få til eit godt heim-skule-samarbeid må foreldra ha reell medverknad og medråderett, og heim og skule må saman ta felles forpliktande avgjerder. Med dette som grunnlag har me laga dette årshjulet, som legg føringar for korleis me gjere dette arbeidet til beste for barna våre.

## **Årshjul:**

### **September/oktober:**

- Det skal gjennomførast foreldremøte i klassane/skulen og barnehagen før haustferien. Ansvarlege er kontaktlærar og pedagogiske leiarar i samarbeid med avdelingsleiar. Kapittel 12 i opplæringslova og trygt og godt barnehagemiljø skal ein informera om på dette møtet. Her skal det veljast foreldrerepresentanter frå skule og barnehage.
- SU før haustferien. Forslag til saker:
  - ✓ Konstituering.
  - ✓ Sakar frå elevrådet.
  - ✓ Gjennomgang av Årshjul for heim – skule samarbeidet.
  - ✓ Økonomi/budsjett/lærarkabal.

### **November/desember:**

- Møte i SU. Forslag til saker:
  - ✓ Budsjett neste år.
  - ✓ Nasjonale prøvar.
  - ✓ Skuleruta.
  - ✓ Foreldreundersøking i barnehage.
  - ✓ Juleførebuingar.
  - ✓ Trivselstiltak.
- Samarbeidsarrangement; solidaritetsaksjonen
- Innskriving av nye elevar.

### **Februar/mars:**

- Møte i SU. Forslag til saker:
  - ✓ Nasjonale prøvar og andre kartleggingar.
  - ✓ Budsjett for nytt år.
  - ✓ Resultat elevundersøkinga 5.-7. trinn.

### **April/mai:**

- Foreldremøte mai/juni, med val av nye representantar i SU for neste skuleår.
- Møte i SU. Forslag til saker:
  - ✓ Evaluering av skuleåret.
  - ✓ Foreldreundersøking.
- Samarbeidsarrangement; sommaravslutning, sommartur mm.
- Føreskuledag for nye elevar, inkl. foreldremøte/info.